



AUSTEVOLL VATN OG AVLØP SA

Sakshandsamar::

Britt Solheim

5397 Bekkjarvik

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Austevoll Vassverk

### Kontrollnummer: 2019.009.I.FMVL

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Odd Brekke

Geir Bergflødt

Åge Drønen

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*

Ingrid Torsnes

Britt Solheim

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Austevoll Vassverk den 22.03.2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkja 4 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull
- Verksemda har manglar ved handtering av kjemikal
- Farleg avfall blir ikkje levert i tråd med regelverket
- Verksemda stettar ikkje alle krava i løyvet

#### Merknader:

- Verksemdas journalføring kan betrast

#### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

12.04.2019

Britt Solheim

Sissel Storebø

dato

kontrollør

seksjonsleiar

Fylkesmannen i Vestland

Kopi til: Austevoll kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> AUSTEVOLL VATN OG AVLØP SA	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 985680264	<b>Eigd av:</b> 985667160
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 37.000 - Oppsamling og behandling av avløpsvann	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Austevoll Vassverk	<b>Anleggsnr.:</b> 1244.0096.01
<b>Kommune:</b> Austevoll	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Næringsmiddelindustri, unntatt fiskeforedling	
<b>Løyve gitt:</b> 03.10.2016	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova vert følgd. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannens risikobaserte tilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikaliar
- Krav i utsleppsløyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Austevoll Vassverk pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Austevoll Vassverk innan 1. juli 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Britt Solheim.

### **4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik**

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (*jf. forureiningslova § 73*) dersom vi ikkje har motteke ei skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan 1. juli 2019.

Tvangsmulka vil kome på dersom vi ikkje har motteke stadfesting på at avvik er retta innan tre veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000,-. De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

### **5. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 5. mars 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Austevoll Vassverk betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **6. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

## 7. Avvik

Vi avdekte følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull for vassbehandlingsanlegget

#### Avvik frå:

Internkontrollforskrifta §5 2.ledd punkt 6, 7 og 8

#### Kommentarar til regleverket:

Alle verksemder skal ha internkontroll. Internkontrollforskrifta gjev reglar om kva arbeidet med helse, miljø og sikkerheit skal innehalde, og kva som skal vere dokumentert skriftleg. Internkontrollen skal vere tilpassa verksemdas aktivitetar og risikoforhold.

Ved tilsynet blei det avdekkja manglar ved verksemdas internkontroll for ytre miljø, gitt i punkta under:

#### *Miljørisikovurdering (§ 5 andre ledd punkt 6)*

Internkontrollforskrifta har krav om at verksemda skal utføre risikovurdering på bakgrunn av kartlegging av fare og problem som kan oppstå ved verksemda. Risikovurderinga skal omfatte risiko for ytre miljø, både ved normal drift og ved akutte hendingar. Risikovurderinga skal vere skriftleg dokumentert.

#### *Skriftlege rutinar (§ 5 andre ledd punkt 7)*

Verksemda skal ifølgje punkt 7 i internkontrollforskrifta, utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje at krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø og sikkerheitsregelverket blir stetta. Krav til systematikk vil sei at verksemda skal vidareutvikle og skape heilheit i rutinar og prosedyrar som finns. Skriftlege arbeidsrutinar, instruksar og liknande må systematiserast, slik at dei kan takast i bruk og inngå i internkontrollen.

#### *Systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen (§5 andre ledd punkt 8)*

I Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 8, er det vist til at den som er ansvarleg for verksemda også har ei plikt til å sørgje for at internkontrollen blir overvaka og gjennomgått, for å sikre at han fungerer som forutsett. I dette ligger plikt til at internkontrollen skal vurderast kontinuerleg slik at manglar kan fangast opp. I denne plikta ligg også at det med jamne mellomrom blir gjennomført ein fullstendig gjennomgang av heile det systematiske arbeidet.

#### Avviket er basert på følgjande

##### *Miljørisikovurdering*

Verksemda har ikkje ein anleggspesifikk miljørisikovurdering for vassverket og har dermed ikkje utarbeidd handlingsplanar for å redusere risikotilhøva.

##### *Skriftlege rutinar*

Verksemdas skriftlege rutinar inneheld ikkje rutinar for mellom anna handtering av farleg avfall og kjemikal.

## *Gjennomgang av internkontrollen*

Internkontrollen er ikkje oppdatert etter at det nye anlegget vart bygd.

### **Avvik 2**

Verksemda har manglar ved si handtering av kjemikal

#### **Avvik frå:**

- Produktkontrollova § 3a Substitusjonsplikt
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7
- Utsleppsløyvet punkt 6

#### **Kommentarar til regelverket:**

##### *Substitusjonsplikt*

Verksemder som brukar helse- og miljøskadeleg kjemikaliar har plikt til å vurdere substitusjon. Datablad inneheld opplysningar som vil vere til hjelp for å kartlegge kva for kjemikaliar verksemda bruker.

##### *Rutinar*

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevningen. Internkontrollforskrifta har krav om at rutinane skal vere dokumenterte.

#### **Avviket er basert på følgjande**

Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at det er gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikaliar. Rutine for korleis substitusjonsplikta skal gjennomførast mangla også ved tilsynet.

### **Avvik 3**

Farleg avfall blir ikkje levert i samsvar med regelverket

#### **Avvik frå:**

Avfallsforskrifta kapittel 11 Farleg avfall, §§ 11- 8 og 11- 12

#### **Kommentarar:**

##### *Avfallsforskrifta § 11-8 (levering av farleg avfall)*

I verksemder der det oppstår farleg avfall, skal avfallet leverast til verksemd som har løyve til å handtere avfallet i tråd med avfallsforskrifta §§ 11-6 (løyve til handtering av farleg avfall) og § 11-7 (unntak frå krav om løyve). Farleg avfall skal leverast ein gong i året. Leveringsplikta startar når den totale mengda overstig 1 kilo. Det vil ikkje sei at avfallet må leverast straks grensa på 1 kilo er nådd, men at verksemda har plikt til å levere minst ein gang om året.

##### *Avfallsforskrifta § 11-12 (deklarering av farleg avfall)*

Ved levering av farleg avfall skal verksemda gje tilstrekkelege opplysningar om kor avfallet har oppstått, om innhaldet og eigenskapane til avfallet, slik at den vidare handteringa kan

skje på en forsvarleg måte ved deklarerering. Farleg avfall skal deklarerast via nettstaden [www.avfallsdeklarerering.no](http://www.avfallsdeklarerering.no).

EE-avfall som lysstoffrøyr og sparepærer er omfatta av definisjonen for EE-avfall, jf. avfallsforskrifta § 1-3. Desse er også omfatta av definisjonen for farleg avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-2 første ledd og vedlegg I til forskrifta, den europeiske avfallslista, kode \*200121. Dersom lysstoffrøyr/sparepærer blir leverte til forhandlarar, i tråd med § 1-4, kan leveransen dokumenterast på anna måte. Verksemdar skal uansett ha dokumentasjon på at leveringsplikta i avfallsforskrifta § 11-8 er oppfylt.

#### **Avviket byggjar på følgjande**

Det blei opplyst at verksemda har levert farleg avfall som batteri og spillolje til lokalt avfallsmottak. Dokumentasjon på leveringa av farleg avfall via nettstaden [www.avfallsdeklarerering.no](http://www.avfallsdeklarerering.no) kunne ikkje visast fram ved tilsynet.

#### **Avvik 4**

Verksemda stettar ikkje alle krava i løyvet.

#### **Avvik frå:**

Løyve til verksemd etter forureiningslova for Austevoll Vatn og Avløp SA av 3. oktober 2016, punkt 3.2, 11.1 og 12.

#### *Punkt 3.2 Utsleppstad for prosessavløp*

Prosessavløpsvatnet skal leiast ut i Heimarkspollen utan å vere i konflikt med torskeegg og torskelarvar. Prosessavløpsvatnet skal ikkje førast direkte ut i bekken mellom Kvernavatnet og Heimarkspollen.

#### *Punkt 11.1 Utsleppskontroll, måleprogram*

Verksemda skulle sende måleprogram til Fylkesmannen innan 31. desember 2016.

Måleprogrammet skal vere:

- basert på kartlegging av alle utslepp og har et omfang som sikrar at resultatane gir et bilde av de faktiske utsleppa
- beskrive kva metodar som er brukt ved prøvetaking/ utrekning, og angjev usikkerheit ved de aktuelle metodane.
- inngå i verksemdas internkontroll

Dette er tema som er nærare gjort greie for i Klima- og forurensningsdirektoratet, no Miljødirektoratet sitt faktaark TA-2603 «Forventningar til industriens utslippskontroll». Faktaarket er vedlagt rapporten.

#### *Punkt 12 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen*

Verksemda skal sørgje for overvaking av effektar av utsleppa til Heimarkspollen i samsvar med eit overvakingssystem. Omfanget skal stå i forhold til forureiningspotensialet. Overvakingssystemet skal sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2016.

### **Avviket er basert på følgjande:**

- Prosessavløpsvatnet er ikkje ført til Heimarkspollen, slik det er skissert i løyvet
- Måleprogram er ikkje sendt Fylkesmannen innan fristen
- Rapport for overvaking av resipient er ikkje sendt Fylkesmannen inn innan fristen
- Bruk av marmor i staden for vassglass er ikkje avklart med Fylkesmannen

## **8. Merknader**

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1**

Verksemdas journalføring kan betrast.

### **Kommentarar:**

I løyvet er det krav om journalføring frå månadleg visuell kontroll. Verksemda har ikkje journalført resultatata frå desse kontrollane.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Utsleppsløyve datert 3. oktober 2016

## **Informasjon til verksemda**

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

## **10. Andre forhold**

Ved tilsynet opplyste Austevoll Vatn og avløp SA at det kanskje er behov for å gjennomføre hovudvask på membranane oftere enn to gonger i året som omsøkt. Årsaka er at vasskjelda inneheld mykje humus som tettar membranane. Dette vil også auke forbruk av vaskemiddel, og dermed også gje auka utslepp frå anlegget. Dersom dette blir aktuelt, må verksemda søkje om å få endre løyvet.